


Om kart og løyper



Felles for dag 1 og 2: Kart/terreng Ramsdalsheia.

Kartgrunnlag er kommunale kart og tidlegare o-kart. Synfart frå 2016 – 2020 og teikna av Norvald Ospehaug. Laserutskrift på vassfast papir Antius 700 på Konica Minolta.

Terrenget er opent fjellterreng med litt skog i enkelte områder. Terrenget er detaljrikt i enkelte områder. Mange små myrområde som til tider kan stå under vatten. Alle kart er i målestokk 1 :7500.

Spesielt for dag 2: Det er område med mykje «berg i dagen». «Berg i dagen» som er tatt med på kartet kan vere vanskeleg/ **farleg å passere**, spesielt nedover. Det er lite stiar i terrenget og heller ikkje ledelinjer. Derfor er det mykje merking i dei tre kortast løypene.

Felles for dag 3 og 4 : Kart/terreng Bringeland

Synfart og teikna i 2019 av Gunnar Gytri. Laserkurvegrunnlag frå eMap as.

Laserutskrift på vassfast papir Antius 700 ved Norvald Ospehaug på Konica Minolta.

Terrenget har stort innslag av opne lettløpte myrar. Merk at mange av desse gjerne går i skrånande terreng. I flate parti førekjem ein del tuemyrar som gir noko nedsett løpbarheit. Denne myrtypen er teikna som utydeleg myr.

Skogvegetasjonen består hovudsakleg av blanding av gran, furu og bjørk. Moderat kupering. Terrengdetaljmengda er varierende frå lite detaljar til moderat og stor detaljrikdom.

I terrenget er det periodevis mykje hjort og andre beitedyr. Korte hjortetrakk som kan førekomme er ikkje med på kartet. Normal tilstand mht vatn i bekkar, pyttar og myrar.

Løyper

Målestokk løype 1-5 =1:10000. Målestokk løype 6-14 =1:7500

Som det framgår av innbydinga er løypene på mellomdistansen, med unntak av H21, berre litt kortare enn langdistanse.

Korte og enkle løyper vil gå i og nær skitrasèar.

Spesielt om dag 3

Sau og storfe beitar i løpsområdet. Vis omsyn. Elektrisk gjerde kan førekomme, desse er ikkje med på kartet og relativt enkle å passere.(over eller under). Nokre bruer med grind har vakthold pga. beitedyr. Følg påbod om kryssing av passeringspunkt og ev merka løype.

Spesielt om dag 4.

Nokre stader, helst nær busetnad, kan det vere spor etter barns leik. Slike er berre unntaksvis teikna inn på kartet. I terrenget er det ei verna myr. Den er teikna som forbode område på kartet, men er ikkje merka fysisk i terrenget. Ingen traséar/postar er lagt slik at det er naturlege vegval via den.